



SURNADAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2023-1801/01
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Knut Evandt
Dato: 07.12.2023

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 4/23
TID: 13.12.2023, kl. 10
STED: Surnadal kommunehus

SAKSLISTE :

UTV. SAKSNR.	TITTEL
26/23	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.11.2023
27/23	REFERAT OG ORIENTERINGAR
28/23	GENERELL EIGARSKAPSKONTROLL 2023
29/23	MØTEPLAN FOR 2024
30/23	REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET 2023 – 2027
31/23	DELTAKING PÅ NKRFS KONTROLLUTVALSKONFERANSE
32/23	OPPFØLGINGSLISTE
33/23	EVENTUELT

Eventuelle forfall meldast på tlf. 95 70 92 80 eller
e-post: knut.evandt@kristiansund.kommune.no
Innkallinga går som melding til varamedlemmer som vert innkalla etter behov.

Ola Magne Nordvik
leiar (s)

Knut Evandt
sekretær

Kopi:
Ordfører
Kommunedirektør
Økonomisjef
Møre og Romsdal Revisjon SA



Saksframlegg

Utalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 26/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.11.2023

Innstillinga til sekretæren:

Protokollen frå møtet 09.11.2023 blir godkjend.

Saksopplysningar

Det blir vist til tidlegare utsend protokoll.

Knut Evandt
Sekretær



KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 03/23
Møtedato: 09.11.2023
Tid: Kl. 10
Møtestad: Surnadal kommunehus
Sak nr: 15/23 – 25/23

Møteleiar: Ola Magne Nordvik

Møtande medlemmer: Ingrid Bergheim
Gunda Jorid Bele
Hans Torslett
Stine Larsen Faksnes

Frå revisjonen: Ingvild Fugelsøy, forvaltningsrevisor
Tore Kvisvik, revisor

Frå sekretariatet: Knut Evandt, sekretær

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.
Det kom ingen merknader til innkallinga.
Innkalling og sakliste vart godkjend.

TIL BEHANDLING:

SAKSLISTE :

- PS 15/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.05.2023
- PS 16/23 REFERAT OG ORIENTERINGAR
- PS 17/23 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG -EIGARSKAPSKONTROLL
- PS 18/23 ENGASJEMENTSBREV – SURNADAL KOMMUNE
- PS 19/23 OPPDRAGSAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON
- PS 20/23 KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2023
- PS 21/23 FORENKLA ETTERLEVINGSESKONTROLL 2022
- PS 22/23 RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERING – FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2023
- PS 23/23 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2024
- PS 24/23 OPPFØLGINGSLISTA
- PS 25/23 EVENTUELT

PS 15/23

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.05.2023

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner protokollen frå møtet 23.05.2023.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med leiar sitt forslag til vedtak.

PS 16/23

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tar sakene til orientering.

Referatsaker:

RS 03/23 Møteprotokoll frå årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA

RS 04/23 Innkalling til representantskapsmøte i ReMidt 06.11.2023

RS 05/23 Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet for Surnadal kommune

Orienteringssaker:

OS 11/23 Kontrollutvalets ansvar og oppgåver

- v/sekretæren

PS 17/23

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG -EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saka blir teken til orientering

Kontrollutvalet si handsaming:

Forvaltningsrevisor Ingvild Bye Fugelsøy orienterte om saka, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 18/23

ENGASJEMENTSBREV – SURNADAL KOMMUNE

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Engasjementsbrevet frå Møre og Romsdal Revisjon, datert 12.10.2023, blir teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 19/23

OPPDRAGSAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON

Kontrollutvalet sitt vedtak:

1. Oppdragsavtalen med Møre og Romsdal Revisjon SA blir godkjent.
2. Sekretariatet utarbeider forslag til revidert reglement, verksemdsplan og handlingsplan for kontroll og tilsyn, som det blir vist til i oppdragsavtalen, så snart som mogleg og legg desse fram for kontrollutvalet til behandling.
3. Ein delplan om oppfølging av oppdragsavtalen skal inngå i handlingsplanen for kontroll og tilsyn.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 20/23

KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2023

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kommunikasjons- og revisjonsplanen for 2023 blir teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

Revisor Tore Kvisvik orienterte om saka, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 21/23

FORENKLA ETTERLEVINGSESKONTROLL 2022

Kontrollutvalet sitt vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at det ikkje er utarbeidd sjølvkostkalkylar på områda gebyr – plan- og byggjesak, oppmåling og matrikkelføring og eigarseksjonering for 2022, og det derfor er utskrive eit revisorbrev. Utvalet har også merka seg at det er sett i gang ein prosess for å få dette på plass for 2023.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren sørge for at det blir utarbeidd sjølvkostkalkylar på dei nemnde områda så snart som råd.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 22/23

**RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERING –
FORENKLA ETTERLEVINGSESKONTROLL 2023**

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saka blir teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

Revisor Tore Kvisvik orienterte om saka, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 23/23	BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2024
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2024:

1. For kontroll- og tilsynsarbeid blir det budsjettert med kr. 530.000 til rekneskapsrevisjon og attestasjonar, kr. 350.000 til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontrollar og undersøkingar og kr. 208.000 til sekretariatstenester.
2. Budsjettforslaget tek ikkje høgde for kjøp av tenester frå MRR SA utover ordinær forvaltnings-/rekneskapsrevisjon og attestasjonar.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 24/23	OPPFØLGINGSLISTA
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak: (samrøystes)

Ny sak:

Utbyggingsprosjekt – Kavelvegen.

Orientering om håndtering av habilitet på neste møte.

PS 14/23	EVENTUELT
-----------------	------------------

Ola Magne Nordvik
leiar

Ingrid Bergheim

Gunda Jorid Bele

Stine Larsen Faksnes

Hans Torslett

Knut Evandt
Sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 27/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Referatsaker:

Det er ingen referatsaker til dette møtet.

Orienteringssaker:

- OS 12/23 Handtering av habilitet ved prosjektet på Kavlvegen.
- OS 13/23 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll 2022.
 - Sjølvkostkalkylar i plan- og byggesaker
- OS 14/23 Oppfølging av politiske vedtak
- OS 15/23 Feiartenesta
- OS 16/23 ROS-analyse og Overordna beredskapsplan

- OS 17/23 Årshjul og oversikt over utførte kontrollhandlingar
- OS 18/23 Handtering av førespurnader til utvalet
 - v/sekretæren

Knut Evandt
Sekretær



Saksframlegg

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
PS 28/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

GENERELL EIGARSKAPSKONTROLL 2023

Innstillinga til sekretæren:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at det for framtida er samsvar mellom Eigarskapsmelding del 1 – Eigarstrategi, Eigarskapsmelding del 2 og den praktiske gjennomføringa av eigarskapspolitikken til kommunen.

Dette inneber mellom anna:

At det ved rullering av eigarskapsmelding del 2 blir laga forslag til selskapsspesifikke eigarstrategiar for selskap kommunen har eigardelar i, slik det er beskrevet i Eigarskapsmelding del 1, punkt 1.9. Dersom ein vel å ikkje gjere dette for selskap med liten samfunnsmessig og/eller økonomisk betydning, må det komme fram av Eigarskapsmelding del 1.

At det blir laga ein plan for rapportering frå eigarrepresentantane til formannskapet. (Eigarskapsmelding del 1, punkt 1.5.2 og 1.5.5)

At det blir lagt til rette for at kommunestyret kan utføra oppgåvene sine slik det er beskrevet i eigarmeldinga, mellom anna ved at kommunestyret utnemner representantar i alle selskapa sine. (Eigarskapsmelding del 1, punkt 1.5.1)

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for å alle møteinnkallingar og -protokollar blir innhenta og lagt ut på postlista til kommunen, og at alle møteinnkallingar til generalforsamlingar, representantskap og liknande sendast over til kontrollutvalet sitt sekretariat.
3. Kommunestyret tek rapporten frå prosjektet «Generell eigarskapskontroll 2023» og tilrådingane til revisjonen til etterretning.

Uttale frå Kontrollutvalet:

1. Etter Kontrollutvalet si meining er prosjektrapporten grundig og informativ. Medlemmene i kommunestyret blir derfor oppmoda til å lese den nøye.
2. Eigarskapsmeldinga til kommunen byggjer på KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å merke seg desse. (sjå vedlegg 1, side 24 i rapporten og KS si heimeside)



3. Kontrollutvalet merkar seg rådet frå revisjonen om å velje ut aktuelle selskap for eigarskapskontroll i Plan for eigarskapskontroll for valperioden.

Saksopplysningar

Kontrollutvalget skal i henhold til kommuneloven gjennomføre eierskapskontroll. Eierskapskontroll er definert slik i § 23- 4: «Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring». Det er ikke gjennomført eierskapskontroll i Surnadal kommune hittil i valgperioden.

Kontrollutvalget bestilte eierskapskontrollen på sitt møte 21.02.2023 (Sak 04/23).

Problemstillinger:

Blir kommunens eierinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og forutsetninger, aktuelt lovverk, samt etablerte normer for god eierstyring?

1. Har Surnadal kommune vedtatt eierstrategier for sine selskap?
2. Har Surnadal kommune kjennskap til oppgavene knyttet til de ulike rollene i kommunens eierstyring, og blir disse fulgt opp?
3. Har Surnadal kommune rutiner som sikrer åpenhet knyttet til kommunens eierskap?

Revisors vurdering og anbefalinger:

For revisors vurdering vises det til avsnittet om dette i rapportens innledende sammendrag.

Anbefalinger:

Vi vil anbefale Surnadal kommune å:

- vedta eierstrategi for sine eierskap, del mål og de ulike roller avklares
- sikre god saksbehandling i saker som angår eierskap
- å ha økt fokus på de ulike rollene i eierstyringen, og på skille mellom eierrollen og selskapsrollen
- sørge for at møteinnkallinger og -protokoller fra selskaper mottas og legges på kommunens postliste

Avslutning:

Saken legges fram for kontrollutvalget til behandling.

Knut Evandt,
sekretær



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 29/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

MØTEPLAN FOR 2024

Saksopplysningar

Sekretæren forslår følgende møteplan for 2024:

15. februar
21. mars
25. april
30. mai

29. august
3. oktober
21. november

Møta startar kl. 10.

Møtetidpunkt kan endrast dersom det er nødvendig for eventuelle orienteringar og verksemdsbesøk.

Leiar har i samråd med sekretariatet fullmakt til å endre oppsett plan.

Alle dei foreslåtte datoane er torsdagar.

Datoer å passe på:

Opplæring på Vestnes: Mandag 15.01. og onsdag 24.01.
Kontrollutvalgskonferanse: Onsdag 31.01. og torsdag 01.02.
Vinterferie: 19.02 – 23.02 (veke 8)
Påske: 28.03 – 01.04 (veke 13/14)
Fridager i mai: Onsdag 1. – torsdag 9. – fredag 17. – mandag 20.
Høstferie: 07.10 – 11.10 (veke 41)

Knut Evandt,
sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 30/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET 2023 – 2027

Saksopplysningar

Forslag til Reglement for kontrollutvalet 2023 – 2027 er vedlagt. Forslaget baserer seg eit utgangspunkt om at det er formålstenleg med eit relativt kort reglement, men har med ein del informasjon om oppgåvene frå kontrollutvalet fordi reglementet skal behandlast i kommunestyret.

Forslaget blir lagt fram til drøfting.

Knut Evandt,
sekretær

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE 2023 - 2027

1. Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet er kommunestyret sin eigen kontroll- og tilsynsorgan. Utvalet skal gjennom arbeidet sitt bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Surnadal kommune, og til at kommunen leverer tenestene sine effektivt og målretta, og i samsvar med lovar, forskrifter, statlege føringar og kommunestyrevedtaket.

2. Val og samansetning

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer og minst 5 varamedlemmer i numerisk rekkefølge.

Utvalet, og dessutan leiar og nestleiar, blir vald av kommunestyret. Minst ein medlem blir vald blant kommunestyrets fast medlemmer. Leiaren kan ikkje vera medlem av same parti/gruppe som ordføreren.

Ut over dette blir det vist til:

Kommunelova kap. 7 – Val til folkevalde organ.

Kommunelova § 23-1, under dette avgrensingane i kontrollutvals medlemmene si valbarheit.

Kontrollutvalsboka kap. 2, s. 9-12.

3. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er fastsette i Kommunelova § 23-1 til § 23-6 og i Forskrift for kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet skal utføra dei oppgåvene som følgjer av lova, og skal ikkje ha andre funksjonar enn det.

Kontrollutvalet har eit påsjå-ansvar for:

Revisjonsordninga med kommunen

Økonomiforvaltninga

Forvaltningsrevisjon

Eigarskapskontroll

Vedtaksoppfølging

I tillegg oppgåver knytt til:

Løypande kontroll

Regnskapsrevisjon

Budsjett for kontrollarbeid

Uttale til og behandling av årsrekneskapen til kommunen

Etterlevingskontroll

Val av revisjonsordning

Kontrollutvalet kan ta opp alle forhold ved kommuneverksemda så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatane av arbeidet sitt til kommunestyret, og utarbeida ei årsmelding som blir lagd fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet kan, utan hinder av teieplikta, krevje at kommunen legg fram alle opplysningar, utgreiingar eller dokument som utvalet finn nødvendig for å utføra oppgåvene sine, og

gjennomføra dei undersøkingane ein finn nødvendige. Denne retten blir utøvd av utvalet sin leiar og sekretær, eller etter vedtak i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har rett til å vera til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen. Denne retten blir utøvd av leiaren av utvalet, eller av nestleiar, ein annan medlem eller sekretæren frå utvalet dersom leiaren bestemmer dette.

Utvalet kan ikkje overprøva politiske prioriteringar som er gjennomførte av dei folkevalde organa til kommunen eller andre kommunale organ.

For ei meir utfyllande skildring av dei lovpålagde oppgåvene frå kontrollutvalet blir det vist til Kontrollutvalsboka s. 17, og dessutan kap. 4 – 9

4. Kontrollutvalets sine ressursar og rammevilkår

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret.

Kommunestyret skal sikre at kontrollutvalet har ressursar tilpassa utvalet sine oppgåver, og ei sekretariatordning tilpassa utvalet sitt behov.

5. Saksbehandling

Kommunelova kap. 11 og møtereglement for Surnadal kommune, vedteke av kommunestyret, gjeld for kontrollutvalet, så langt anna ikkje er bestemt i lov eller forskrift.

Leiaren av utvalet set opp sakslista til møta, og bestemmer kva rutinar sekretariatet skal følge i arbeidet sitt med denne, t.d. om det skal sendast over til utkast til saksliste eller haldast planleggingsmøte.

Møteinnkalling blir send til medlemmene i utvalet, varamedlemmer, ordførar, kommunedirektør, revisor, og eventuelt andre relevante mottakarar seinast ei veke før møtet. Møteinnkallingane frå kontrollutvalet og -protokollar blir også sende til postmottaket i Surnadal kommune. Dokumenta blir gjorde tilgjengelege på nettsidene til kommunen.

Møteprotokollen skal gåast gjennom ved avslutninga på møtet, eller sendast til medlemmene for gjennomsyn, slik at det blir gitt moglegheit for å komma med merknader. Protokollen blir godkjend endeleg på neste møte. Eventuelle merknader skal komma fram av saksframlegget.

Leiaren av utvalet er møteleiar. Ved forfall fungera nestleiar som møteleiar. Har begge forfall blir vald møteleiar blant medlemmene i utvalet.

Ordførar og revisor har møte- og talerett, medan kommunedirektøren møter etter innkalling. Revisor har rett til å få utsegnene sine protokollert.

Møta frå kontrollutvalet er opne for publikum, men skal lukkast når det ligg føre lovfesta teieplikt. Møta kan også haldast som fjernmøte. Alle avgjerder om lukking av møte, og vurdering av habilitet, skal førast i møteboka. Voteringsresultat og heimel skal komma fram.

For andre problemstillingar knytt til saksbehandling, møtegjennomføring og habilitet legg kontrollutvalet følgjande kjelder til grunn:

Møtet er sett! – Handbok i møteskikk. Møteleiing og voteringsteknikk (KS)
Habilitet i kommunar og fylkeskommunar (retteleiar – Kommunaldepartementet)
Kontrollutvalsboka.

6. Andre forhold

Forvaltningslova sine føresegner om teieplikt (jfr. forvaltningslova § 13, osb.) gjeld for kontrollutvalet og sekretariatet. Medlemmene i utvalet pliktar å bevare taushet om teiepliktig informasjon som blir kjem fram på utvalet sine møter og i saksdokumenta.

Reglementet trer i kraft etter vedtak i kommunestyret.



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utvall	Møtedato
PS 31/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

DELTAKING PÅ NKRFs KONTROLLUTVALSKONFERANSE

Innstillinga til sekretæren:

Desse medlemmane deltek på kontrollutvalskonferansen på Gardermoen 31.01 – 01.02.:

Saksopplysningar

Frå NKRF (Norsk kommunerevisorforbund) si heimeside:

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 20. Kontrollutvalgskonferanse 31. januar - 1. februar 2024 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Sekretæren tilrår deltaking på konferansen fordi han er nyttig og lærerik, og ein viktig treffstad for kontrollutvala regionalt og nasjonalt.

Knut Evandt,
Sekretær

Fra: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene <post@nkrf.no>
Sendt: mandag 27. november 2023 13:51
Til: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene
Emne: Velkommen til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024!



Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2024!

Onsdag 31. januar og torsdag 1. februar 2024 er det duket for en ny Kontrollutvalgskonferanse – den første i denne valgperioden, og som vanlig på Gardermoen.

At det er behov for kontrollutvalg, kan ingen være i tvil om – etter mange år der tillit har vært en sentral del av den offentlige debatten. Og tillit, det er like viktig i lokaldemokratiet som på nasjonalt plan.

Kommunal- og distriktsdepartementet kommer!

Statssekretær **Ole Gustav Narud** i Kommunal- og distriktsdepartementet åpner konferanse, og anerkjenner på den måte den viktige rollen kontrollutvalgene har i den kommunale egenkontrollen – og dermed i lokaldemokratiet.

Habilitet

Deretter går vi rett i kjernen på det som har vært en het debatt helt siden juni 2023: Habilitet. **Geir Lippestad** og **Kristin Clemet** vil reflektere over temaet habilitet, og trekke linjene fra den nasjonale scene til lokalpolitikken og lokaldemokratiet. Geir Lippestad er advokat og Kristin Clemet er leder av Civita, men begge har hatt sentrale roller i det politiske liv, og også stiftet bekjentskap med temaet gjennom sine politiske engasjementer.

En avtroppende og en påtroppende

For deg som er ny i kontrollutvalget: Hvilken rolle skal du og utvalget ha overfor kommunestyret, ordfører og kommunedirektør, og ikke minst innbyggerne? En avgående kontrollutvalgsleder vil fortelle hvordan han har løst oppgaven, og en påtroppende vil fortelle hvordan hen vil løse den. Vi snakker om **Bård Hoksrud** (Frp), stortingspolitiker siden 2005, og en innleder som blir annonsert senere. Kom og plukk opp nyttige tips!

Bærekraft og klima

Bærekraft og klimapolitikk. Politiske tema som har vært oppe til politisk debatt gjennom mange år. Men kanskje mest på nasjonalt plan. Så hva med kommunene – og kontrollutvalgene? Har det noe med kontrollutvalgene å gjøre i det hele tatt? Vi får eksempler på hvordan et kontrollutvalg har løst denne utfordringen, gjennom bestilling av forvaltningsrevisjoner om bærekraft.

Personvern

Hvordan kan du være sikker på at kommunen din tar personvern på alvor? Hvis du lurer på hvordan situasjonen i din kommune er, hvilke spørsmål bør du stille? Hør hva Datatilsynet fant gjennom tilsyn i mange kommuner, og hør hva kommunenes organisasjon, KS, sier om saken.

Sikkerhet og beredskap

Ekstremværet Hans har vist oss sårbarheten i vårt samfunn, og hvor hardt ulike lokalsamfunn kan rammes. Infrastruktur blir ødelagt for lange perioder. Sikkerhet og beredskap er kommunenes sak, like mye som statens. Vi får høre representanter fra en kommune, fra KS og Cicero Senter for klimaforskning gi sitt syn på det. Kanskje er sikkerhet og beredskap et område man bør se nærmere på i akkurat din kommune?

Menneskerettigheter

Menneskerettigheter – hva har det med kommunepolitikk å gjøre? Alle bor i en kommune, og de fleste møter offentligheten i kommunen sin, der alle får dekket sine grunnleggende behov. Hør hva Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) sier om akkurat dette. Kanskje blir du overrasket?

Kontrollutvalget er viktig i et demokratisk perspektiv. Bli med og form rollen på Kontrollutvalgskonferansen!

Egne seminarer om alt fra rolleforståelse, lederrollen og kommuneregnskapet

Og så blir det også spesialtilbud (parallelt med hovedprogrammet): Egne seminar om kontrollutvalgets rammevilkår og rolle, om lederrollen og om kommuneregnskapet – primært for deg som er ny i kontrollutvalget.

Velkommen skal du være, her bør det være noe for enhver smak og ethvert behov.

Se her for nærmere informasjon om detaljert program, påmelding og priser: [NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024 – NKRF >>](#) (påmeldingsfrist: 14. desember)

Vennlig hilsen

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene

Rune Tokle

daglig leder

mobil: 977 38 557



– på vakt for
felleskapets
verdier



www.nkrf.no | [@NKRF](https://twitter.com/NKRF) | [@Kommunerevisor1](https://twitter.com/Kommunerevisor1) | facebook.com/NKRF.no/

[Abonner på Nytt på nett](#)





Saksframlegg

Utalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 32/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

OPPFØLGINGSLISTE

Innstillinga til sekretæren:

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Saksopplysningar

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. november 2023

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring i lista.

Knut Evandt
Sekretær

SAKSOPPFØLGING

Saker som er tekne opp	Dato:	Ansvar:	Merknad:	Status:
Oppfølging av politiske vedtak	12.03.14	Adm.	– årlig orientering	14.05.2020 Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt 24.03.21 Junimøtet 16.06.21 Orientering gitt 03.12.22 Orietering goitt
Beredskap ved flaum og andre ulykkes- eller katastrofesituasjonar	03.12.19	Adm.		Orientering 12.02.2020
ROS-analyse/beredskap	12.02.20	Adm.		Orientering ønskast når plana som er under arbeid er ferdig.
Sal av konsesjonskraft.	03.12.19	Adm.		Orientering om reglar og system ved anbod, innkjøpsrutinar og avtalen med Svorka ønskast på neste møte. 12.02.20 Orientering gitt på møtet
Vedlikehald av kommunale bygg.	12.02.20	Adm.	-Oppfølging av forvaltningsrevisjon.	Orientering ønskast. 16.06.21 Orientering gitt
Orientering om sjukefravær	04.05.20	Adm		Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt
Leikeplassar- rutinar og oppfølging	04.05.20	Adm		Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt. 13.04.21 Kva er gjennomført av rutineendringar eller andre tiltak på dette området? 16.06.21 Orientering ønskes på neste møte
Ansettelsesreglement og utlysninger av lederstillinger	16.06.20	Adm		16.06.2020 Orientering gitt.
Surnadal kommune si postliste Orientering om reglar og rutinar Orientering om tilsynet frå Arkivverket	08.09.20	Adm		03.11.2020 Orientering gitt
Veterinærtenesten – tildeling av heimlar Regelverk og kriterier for tildeling	08.09.20	Adm		03.11.2020 Orientering gitt 10.02.2021 Orientering gitt
Kommuneoverlegen - Status smitte og smittevern - Status vaksinasjon	10.02.21	Adm	I neste møte 24.03.21	Orientering gitt 24.03.2021

Orientering frå Barnevernstenesta i neste møte bl.a. om det gjennomførte tilsynet.	08.09.21	Adm		28.10.2021 Orientering gitt.
Orientering om gangveien v/Øye bro	08.09.21	Adm		28.10.2021 Settes opp på neste møte 09.12.2021 Orientering gitt av økonomisjef og kommunedirektør
Taksering – eige-domsskatt	28.10.21	Adm		28.10.2021 Settes opp på neste møte 09.12.2021 Orientering gitt av kommunedirektøren
Orientering om BPA – brukarstyrt personleg assistanse	09.02.22	Adm		09.02.22 Orientering gitt
Orientering om kriseleiinga sitt arbeid under ekstremværet Gyda	09.02.22	Adm		09.02.22 Orientering gitt
Orientering om saksvolum/saksbehandling/oppfølging innen areal og naturforvaltning (byggesaker/oppmåling)	06.12.22	Adm		06.12.2022 Orientering gitt
Feiartenesta	23.05.23			Orientering ønskes på neste møte.
ReMidt	23.05.23		Framkommelighet/ manglende henting – evt. oppfølging fra kommunen.	
Habilitet ved prosjektet på Kavlvegen	09.11.23			Orientering ønskes på neste møte.

Aktuelle virksomhetsbesøk:

Svorka - Virksomhetsbesøk Gjennomført 28.10.2021

Trollheim AS – februar 2022 Gjennomført 09.02.2022

Innveno – Virksomhetsbesøk Gjennomført 08.09.2021

Folldalen – demning Gjennomført 16.06.2022

Surnadal Barne- og ungdomsskule – Gjennomført 24.10.2022



Saksframlegg

Utsalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 33/23	Kontrollutvalet	13.12.2023

EVENTUELT

Saksopplysningar

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan detta gjerast her

Knut Evandt
Sekretær